

Framgangsmåtar målaravlesning

Har du fått ny smartmålar (AMS), skal du ikkje lenger lese av målareren din. Vi har kommunikasjon med han, og hentar målarstanden sjølv. Du får tilsendt forbruksdata kvar time, uansett om du er heime eller bortreist.


Har du enno ikkje fått deg AMS-målar, må du passe på å lese av regelmessig. Du kan melde inn målaravlesning på ulike måtar. Ha alltid kundenummer, målarnummer og målarstand tilgjengeleg.

1. Logg inn på Di side
2. Ring avlesingstelefonen 800 33 020
3. Send SMS til 2258

1) Logg inn på Di side



Målaravlesing finn du midt på sida



Avlesing omfattar 3 eller 4 steg. Har du fleire enn ein målar må du først velge målar. Legg inn stand og trykk «neste».



Alle avlesingar som kjem inn til systemet blir testa mot eit forventa forbruk. Dersom forbruket ligg mykje over/under, får du melding om å sjekke på nytt. Dersom forbruket ser ok ut, går du vidare ved å trykke «neste».

Målaravlesing

1 Målaravlesing 2 Bekreft målaravlesing 3 Kvittering

Bekreft målaravlesing

Bolig- (████████████████████)

████████████████████
6011 ÅLESUND

Dagens avlesing

Målaravlesing:	112546 kWh
Avlese dato:	26.10.2016
Forbruk:	-21968 kWh (sidan siste avlesing 01.10.2016)

Forrige avlesing

Målaravlesing:	134514 kWh
Avlese dato:	01.10.2016
Avlesingsmåte:	Elektronisk overførsel

« Gå tilbake

Avbryt

Bekreft målaravlesing

I steg 2 får du høve til ein siste kontroll før du sender inn standen. Du kan sjå avlesinga di, og samanlikne denne med forrige avlesing. Bekreft og send inn ved å trykke «Bekreft målaravlesing»

Målaravlesing

1 Målaravlesing 2 Bekreft målaravlesing 3 Kvittering

✓ Registreringa var vellukka! Du får om kort tid ein e-post med stadfesting av målaravlesinga.

Kvittering på målaravlesing

Bolig- (████████████████████)

████████████████████
6011 ÅLESUND

Dagens avlesing

Målaravlesing:	112546 kWh
Avlese dato:	26.10.2016
Forbruk:	-21968 kWh (sidan siste avlesing 01.10.2016)

Forrige avlesing

Målaravlesing:	134514 kWh
Avlese dato:	01.10.2016
Avlesingsmåte:	Elektronisk overførsel

« Di Side

Skriv ut

I steg 3 ser du kvittering på standen du har sendt inn. Denne kjem på epost, og du kan ta ei utskrift dersom du ønskjer det.

2) Ring avlesingstelefonen

Avlesingstelefonen er gratis fra fasttelefon. Husk å ha klart kundenummer, målarnummer og stand. Kundenummer finn du i SMS-varsel frå Mørenett (2258), Di side eller på siste faktura frå Mørenett. Har du fellesfaktura frå kraftleverandøren din, står ikkje kundenummeret ditt hos Mørenett der. Du kan då kontakte kundesenter@morentt.no for å få det tilsendt.

Ring 800 33 020, og vent til taletenesta startar. Følg instruks.

Du tastar først inn kundenummer og avsluttar med #. Får du melding om feil kundenummer, prøver du igjen. Sjekk at du har tasta rett, og at det er kundenummer hos Mørenett du tastar inn.

Deretter taster du målarnummer og avsluttar med #. Får du melding om feil målarnummer, prøver du igjen. Målarnummer finn du på siste faktura sjølv om du har fellesfaktura frå kraftleverandør.

Til slutt tastar du stand og avsluttar med #. Antall siffer som målareren er registrert med, blir sjekka mot databasen. Difor må du taste alle null-siffer før standen (5, 6 eller 7 siffer).

Bekreft og avslutt med *.

3) Send SMS

Få SMS-teneste

SMS-tenesta er gratis, og sendast til 2258. Dersom du får SMS-påminning om målaravlesning er tenesta aktiv for ditt abonnement. Du kan du melde deg på tenesta ved å sende følgjande SMS til 2258: «MN REG kundenummer målarnummer» (Klammene skal ikkje vere med. SMS'en skal ikkje innehalde spesialteiken, berre bokstavar, mellomrom og tal. Kunde- og målarnummer omfattar tal).

Eksempel: MN REG 983452 600435

Stopp SMS-teneste

Du kan stoppe tenesta ved å sende følgjande SMS til 2258: "MN STOPP kundenummer målarnummer" (Klammene skal ikkje vere med. SMS'en skal ikkje innehalde spesialteiken, berre bokstavar, mellomrom og tal. Kunde- og målarnummer omfattar tal).

Eksempel: MN STOPP 983452 600435

Sende inn stand på SMS

Du brukar ulik metode avhengig av om du har ein eller fleire målarar knytt til same mobilnummer.

a) Du har SMS-teneste og ein målar

Har du ein målar knytt til eitt abonnement, sender du følgjande melding til 2258: «MN målarstand» (Klammene skal ikkje vere med. Meldinga omfattar 2 bokstavar, eitt mellomrom og siffer i målarstand).

Eksempel: MN 32453

b) Du har SMS-teneste og fleire målarar

Har du fleire målarar knytt til same mobilnummer, må du oppgi kva målar du rapporterer for. Send følgjande SMS for kvar av målarane til 2258: «MN målarnummer målarstand» (Klammene skal ikkje vere med, meldinga omfattar 2 bokstavar, eitt mellomrom, siffer i målarnummer og siffer i målarstand)

Eksempel: MN 519999 32453

Feilmeldingar

Tilbakemelding frå SMS-tenesta	Kommentar til meldingane
<i>MN - Feil ved meldingsformatet i melding, se www.morenett.no for korrekt oppsett:</i>	Sjå korrekt oppsett lenger opp i teksta
<i>MN - Feil, kunde har mer enn ett abonnement, og har ikke sendt målerid:</i>	Sjå korrekt oppsett ved fleire målarar på same mobil
<i>MN - Kunde med mobilnummer: Ditt mobilnr er ikke registrert for SMS målaravlesing</i>	Du må melde deg på tenesta før du kan sende inn målaravlesning
<i>MN - Målaravlesing er akseptert. Ditt forbruk siden forrige avlesing er</i>	Det er denne tilbakemeldingene ein ønsker å få ☺
<i>MN - Du er registrert for målaravlesing fra denne mobiltelefon:</i>	Positivt svar på melding «MN REG»
<i>MN - Dessverre, du ble ikke registrert for målaravlesing fra denne mobiltelefonen: "</i>	Noko gjekk feil når du prøvde å registrere deg på tenesta. Sjå oppskrift over eller ta kontakt med kundesenteret
<i>MN - Du kan ikke lenger sende målaravlesinger for denne måleren fra denne mobiltelefonen: "</i>	Positivt svar på melding «MN STOPP»
<i>MN - Dessverre, du ble ikke avregistrert for målaravlesing fra denne mobiltelefonen"</i>	Negativt svar på meldinga «MN STOPP». Ta kontakt med kundesenteret
<i>MN - Dessverre, vi får ikke kontakt med databasen"</i>	Du må sende målaravlesning på nytt. Prøv igjen neste dag
<i>MN - Kundenummeret du har oppgitt er ukjent. Vennligst sjekk kundenr og prøv igjen</i>	Kundenummer finn du på faktura eller på Di side
<i>MN - Dette er ikke et aktivt kundenummer"</i>	Kundenummer du har oppgitt er ikkje lenger aktiv i databasen. Ta kontakt med kundesenter
<i>MN - Målernummer du har oppgitt er ukjent. Vennligst sjekk målernr og prøv igjen"</i>	Nokre målarnummer i nordregionen har fått prefiks MN før målarnummeret. Prøv å sette inn MN før målarnummeret ditt. Meldinga blir då MN MNmålarnummer Stand. Eller ta kontakt med kundesenteret
<i>MN - Du er allerde registrert for SMS-avlesing fra denne mobilen"</i>	Mobilnummeret ditt er registrert for tenesta
<i>MN – Avlesning avvist ... Om avlesingen er rett, send ny SMS: MN målerstand OK</i>	Målarstanden du har sendt inn vert validert i ein forbrukskontroll før lagring i systemet. Du får denne meldinga dersom systemet meiner standen er for høg eller låg i høve normalt forbruk. Dersom standen stemmer, må du sende same melding på nytt og bekrefte med «OK». Eksempel: MN 56158 54780 OK – for deg med fleire målarar MN 23497 OK – for deg med berre ein målar
<i>MN - Vi kunne ikke finne noe kundeforhold for dette mobilnummeret. Vennligst kontakt oss på kundeservice@morenett.no eller 700 50 100</i>	Følg instruks i meldinga